

Administrativt samhandlingsutval

Sunnmøre

Referat frå møte onsdag 05. september kl. 12.00-15.30

Tilstades: X

	Representantar Helseforetaket		Vara
X	Torstein Hole		Mona Ryste
X	Anniken Standal Remseth		Toril Heltne
	Knut Nautvik		Bjørn Magne Jåtun
X	Janita Skogeng, Leiar av utvalet		Kari Standal
X	Manuela Strauss		
X	Robert Giske		

		Representantar kommunane		Vara
X	SRR	Ottar Grimstad, Hareid		Karsten Vingen, vara
X	SRR	Solveig Årø, Haram		Kjartan Lied, Stranda
X	SRR	Kjetil Fylling, kommunalsjef, Sula		Anna Lisa Drabløs, Sykkylven
X	SRR	Ragnhild Velsvik Berge, Herøy		Marit Botnen

		Representantar vertskommunane		Vara
X	Ålesund	Håvard Overå		Birte Vegsund, Ålesund
X	Volda	Arne Gotteberg, Sunnmøre Regionråd		Jorunn Anne R. Tomasgard, Volda

	Representant fastlegane:		Vara
X	Stian Endresen, Ulstein legekantor		Arne Morterud, Giske legekantor

		Representantar Fagforeiningane:		Vara
X	Fagforbundet	Torunn Hoel		
X	Fagforbundet	Inger Lise Andreassen, Ålesund kommune		Hans Jakob Overå, Sykkylven kom.
X	UNIO/NSF/HF	Ståle Ræstad, Ålesund kommune		Åse Vegsund, Sula Kommune
	UNIO/NSF	Charles Austnes, Ålesund sjukehus	X	Kaspara Nettet Tørten, Ålesund kommune, vara

	Brukarrepresentant:		Vara
X	Ingrid Løset, Sunnmøre		Jakob Strand, Sunnmøre

- Sak 2012/07 **Godkjenning av innkalling og saksliste.**
Godkjent.
- Sak 2012/08 **Godkjenning av referat frå møte 14. juni 2012.**
Godkjent
- Sak 2012/09 **Avklaring roller og ansvar for utvalets medlemmar med fokus på gode samhandlingsverdiar.**

Saker som skal behandlast i utvalet forberedast og sendast sekretær innan tre veker før neste møte.
Sekretær sender ut enkel mal på saksframlegg.
Innkalling skal sendast ut 2 veker før neste møte.

Utvalet må kunne ta opp drøftingssaker som skal tas vidare i det overordna utvalet.

Utvalet må og kunne ta opp og vurdere saker som har økonomisk og politiske konsekvensar, og tas vidare til det overordna samhandlingsutvalet.

Ved behov innkallast ressurspersonar for å belyse tema.

Viktig med statusgjennomgang ifht praktisk erfaring og prosjekter som er i gang.

Representasjon frå hovudsamanslutningane i utvala forventast avklart i forbindelse med revisjonsbehov som meldast innan 1. oktober.

- Sak 2012/10 Gjennomgang Vedlegg 12 til Samarbeidsavtalen og Administrativt samhandlingsutvals arbeidsoppgåver i pkt.4.2.

Pkt. 4.2. Oppgåver:

1. Ta ansvar for at det i felleskap utarbeides nærmere faglige retningslinjer mellom helseforetaket og kommunehelsetjenesten om arbeidsdeling ved utredning og innhold i henvisninger. I dette arbeidet skal det delta leger både fra heleforetaket og kommunene.

Drøfting i utvalet: Med hensyn til **retningslinjer om arbeidsfordeling ved utredning og innhold i henvisninger**, er det eit stort potensiale til forbetring. For gjensidig, god og betre praksis, kven gjør kva av spesialisthelsetenesta og 1. linje. Brukarutvalet meiner diskusjonen må komme vidare og at det er uverdigg at saka om informasjonsflyt ikkje er komen lengre.

Tips om å sjå eit godt eksempel på informasjonsflyt i kommunane: **Aldring og helse** – nettside.

Vedtak:

Administrativ samhandlingsutval Sunnmøre ber om at dei 4 kommunane som allereie har fått oppdraget, går i dialog med helseforetaket i forhold til betre informasjonsflyt utskrivingsklare pasientar.

Utvalet oppfordrar også til å få opprette praksiskonsulentordning og få dette med i budsjettarbeidet for 2013

2. Fange opp innspill og utfordringer i kommunene og helseforetaket tilknyttet innføringen av Samhandlingsreformen og bringe dette vidare til Overordna samhandlingsutvalg.

Drøfting i utvalet: statusgjennomgang tas på kvart møte og det må gis rom for prioriteringer av kva utvalet skal følge opp.

3. Fokusere på erfaringsutveksling, kompetanseoverføring og felles møteplasser

Drøfting i utvalet: arbeidet med felles kompetanseplan blir ei viktig utfordring, mellom anna med fokus på å iverksette ordningar for hospitering. Utvalet trur det er lite som skal til for at dette kan komme i skikkelig system.

4. Utvikle gjensidig kunnskap om de utfordringene tjenestene står overfor
5. Arbeide aktivt for en kultur for læring, forbedring og fagutvikling der organisasjonene kollektivt lærer av feil og systemsvikt.
6. Håndtere avvik i samhandlinga som helseforetaket og den enkelte kommune ikke greier å løyse selv eller som er av slik prinsipiell karakter at det angår flere kommuner. Håndteringen skjer i tråd med System for avvikshåndtering som Overordna samhandlingsutvalg har etablert.

Drøfting i utvalet:

I den ny avtalen skal dei Administrativa utvala følgje opp avvik i avtaleverket. Tidligare var dette lagt til det overordna utvalet. Dei adm.utvala skal sette opp årlig rapport på avvik.

Ein treng system på registrering av avvikshåndtering. Foretaket har personar som jobbar med disse sakene. Arbeidet er ikkje avslutta.

Mønster på avvik må da kunne kartleggast og presenterast.

7. Utvikle et rapporteringssystem til Overordna samhandlingsutvalg for oppfølging av samarbeidsavtalene som er inngått mellom helseforetaket og kommunene i Møre og Romsdal

Drøfting i utvalet: spørsmål om kva rapporteringssystem dette skal vere rettast til overordna utval.

8. Godkjenne rutiner og prosedyrer som angår samhandling om felles pasientforløp etter forslag frå kliniske samhandlingsutvalg eller en eller flere av partene

Drøfting i utvalet: Pasientforløp – Pasientflyt er viktig innfallsvinkel for å skape gode saumlause helsetenester. Pasientflyt blir sak på neste møte.

9. Bidra til utvikling og spreining av gode modeller for samhandling

Drøfting i utvalget: utvalget ønsker å sette fokus på behovet for implementering av samhandlingsverdier og avtaler, og drøftet i den forbindelse en konkret sak som eksempel på å samhandlingsavtalene ikke synes å være tilstrekkelig implementert på ledernivå i helseforetaket.

Vedtak: administrativt samhandlingsutvalg ber om at ledelsen i Helseforetaket setter fokus på forankring av samhandlingsavtaler i leiarrådet. Hensikten er at endringer som omfattes av Samhandlingsavtalen med vedlegg ikke ensidig besluttes og gjennomføres.

10. Ha en oppdatert oversikt over ulike samhandlingsprosjekt i sitt nedslagsfelt
Her vil en bruke innsamla materiale frå forrige utval, og oppdatere.
11. I tråd med samarbeidsavtalene som er inngått mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunene i Møre og Romsdal avgjøre saker av administrativ og faglig karakter som angår samhandling, men som ikke innebærer økonomiske eller andre politiske konsekvenser for partene

Drøfting i utvalet: Utvalet må og kunne ta opp og vurdere saker som har økonomisk og politiske konsekvensar, og tas vidare til det overordna samhandlingsutvalet.

12. Foreslå oppretting av faste eller midlertidige kliniske samhandlingsutvalg overfor overordna samhandlingsutvalg.

Drøfting i utvalet: På bakgrunn av statusgjennomgang vurdere behovet for denne type utval. Tillitsvalgte ønsker å ivareta sitt partsforhold også i denne type utvalg, ihht sentral samarbeidsavtale.

Sak 2012/11 Prioritering av fokusområder for Administrativt samhandlingsutval ”korleis kan vi løfte oss og bidra til god helse – gode liv?”
Tas opp igjen i neste møte

Sak 2012/12 Orienteringssak om kompetanse- og rekrutteringsplana.

Plana legg no til grunn for kompetanseutvikling for heile fylket.
Mandat utarbeidast frå det Overordna samhandlingsutvalet og blir oversendt dei administrative utvala.
Ønske om at plana blir presentert i neste møte av Bodil H. Våge. Plana blir mest sannsynlig sak på samhandlingskonferansen i Molde 26. – 27. november.

Sak 2012/ Eventuelt
- **praktisering samhandlingsavtale**
Ottar Grimstad: Døme frå Heimesjukepleien og Kjetil Fylling; døme frå rutineomlegging for ortopediske pasientar.
Slike saker skal meldast til samhandlingssjef Britt R. Roald, som sørger for at avvikssaker blir tatt opp vidare i sjukehuset.

Utvalet oppfordrar foretaket til å opprette ei nettside om Samhandling. Her bør ligge felles informasjon, referat, møtekalendar mellom anna. Sekretær følgjer opp dette.

Neste møte er 7. november, same møtestad.

Hilde A. Flø, sekretær